

VALEN KRAFTVERK AS

ORG.NR. 985 383 820



ÅRSREKNESKAP

2017

VALEN KRAFTVERK AS

Styret si årsmelding 2017

Verksemd

Valen Kraftverk AS vart stifta i 2003 ved at Hordaland Fylkeskommune overførte sitt eigartilhøve i kraftproduksjon og nettdrift på Valen i Kvinnherad til selskapet. Denne verksemda var tidlegare nært knytt til drifta av Valen sjukehus. Nettdrifta er avvikla og selskapet si noverande oppgåve er å driva produksjon og omsetning av energi samt anna verksemd knytta til desse områda, herunder deltaking i andre verksemdar med liknande føremål.

Tilsette og drift av selskapet

Selskapet har ikkje egne tilsette men leiger administrative tenester og driftstenester frå Kvinnherad Energi AS. Det er inngått ein driftsavtale som omfattar all drift av verksemda til Valen Kraftverk AS. Avtalen gjeld fram til 31.12.2021.

Kraftproduksjon og kraftomsetning

Selskapet driv produksjon av kraft i egne anlegg. Total produksjon i 2017 var på 24,9 GWh mot 19,1 GWh i 2016. Drifta av stasjonen har vore stabil utan større avbrot i 2017. Avtale om levering av produsert kraft er inngått med Kvinnherad Energi AS.

Resultat og finansielle tilhøve

Rekneskapan for 2017 er gjort opp med eit overskot på kr 1,7 mill før skatt, betydeleg høgare enn resultatet for 2016, som var kr 0,1 mill. Produsert kvantum vart 5,8 GWh høgare enn budsjettert. Salsinntekta vart 2,2 mill kr høgare enn budsjettert.

Det gode resultatet i 2017 skuldast at produksjonen vart rekordhøg og at prisane vart vesentleg høgare enn budsjettert.

Selskapet har eit ansvarleg lån på kr 6,0 mill frå Hordaland Fylkeskommune og har ein eigenkapital på kr 12,2 mill. etter årets disponering.

Styret foreslår følgjande disponering av årets resultat:

Utbytte:	kr	0
Overføring til anna eigenkapital:	kr	1.706.815
<u>Sum disponeringar:</u>	<u>kr</u>	<u>1.706.815</u>

Framtidsutsikter

Anlegget viser stabil, god produksjon. Valen Kraftverk AS har fått konsesjon for utbygging av ein ny kraftstasjon i Valedalen - lenger oppe i vassdraget. Dersom det vert beslutta å byggja ut kraftverket, kan dette gi meiravkastning.

Valen Kraftverk AS eig og fallrettar på Handeland/Sandvoll noko som vart stadfesta i jordskiftedom i 2016. Korleis desse fallrettane skal forvaltast vidare er det enno ikkje teke standpunkt til.

NVE har sett fram krav om utbetring av dammen i Valedalen, noko som vil medføra ein investeringskostnad på ca. 25 mill kr. Eigjar har godkjent søknad om auka låneopptak og konvertering av eksiterande lån slik at finansiering av utbetringa no er klar. Arbeidet med utbetring pågår og er forventa ferdigstilt innan utgangen av 2018.


Kraftproduksjonen i eit normalår vil vera om lag 19,3 GWh.

Framleis drift


Årsrekneskapen for 2017 er sett opp under føresetnaden om framleis drift av selskapet.


Valen Kraftverk AS nyttar Kvinnherad Energi AS sine planar for HMS (Helse, miljø, sikkerhet) og tilsvarande tiltak for likestilling. Selskapet ureiner ikkje miljøet i drifta av verksemda. Selskapet har for tida ingen forsknings- og utviklingsaktivitetar.

Dimmelsvik / Bergen, 07.05.2018
styret i Valen Kraftverk AS


Ernst Johnny Stiansen
styreleiar


Guro Klyve
styremedlem


Sigrid Helene Aardal
styremedlem


Kjell Enes
dagleg leiar

VALEN KRAFTVERK AS

RESULTATREKNESKAP


Note		2017	2016
1	Energisalg og overføring	6 313 759	4 240 222
1	Andre inntekter	20 169	21 388
	Sum driftsinntekter	6 333 928	4 261 611
1	Kraftkjøp og krafttransport	581 582	486 424
2,3	Andre driftskostnader	1 689 183	1 697 680
5	Avskrivning på varige driftsmidler	1 169 255	1 216 427
	Sum driftskostnader	3 440 019	3 400 531
1	Driftsresultat	2 893 909	861 079
	Finansinntekter	3 094	4 345
	Finanskostnader	639 384	742 130
	Netto finansposter	-636 290	-737 785
	Resultat før skattekostnad	2 257 618	123 294
4	Skattekostnad	-550 803	-39 208
	ÅRSRESULTAT	1 706 815	84 086
	OVERFØRINGAR:		
	Overføring til annan eigenkapital	1 706 815	84 086
6	Sum overføringer	1 706 815	84 086


VALEN KRAFTVERK AS


BALANSE

	31.12.2017	31.12.2016
Note	EIGENDELER	
	Anleggsmidler	
	Immaterielle eigendeler	
4	Utsett skattefordel 206 001	207 347
	Sum immaterielle eigendeler 206 001	207 347
	Varige driftsmiddel	
5,7	Kraftstasjon og fordelingsnett 45 363 052	43 136 351
	Sum anleggsmidler 45 569 053	43 343 698
	Omløpsmidlar	
	Fordringar	
7	Kundefordringar 986 469	454 689
	Andre kortsiktige krav 40 595	107 182
	Sum fordringar 1 027 064	561 871
	Bankinnskot, kontantar o.l 2 345 180	3 130 210
	Sum omløpsmidlar 3 372 244	3 692 081
	SUM EIGENDELER 48 941 297	47 035 779
Note	EIGENKAPITAL OG GJELD	
	Eigenkapital	
6	Aksjekapital (10.000 aksjer à kr 100) 1 000 000	1 000 000
6	Overkursfond 3 090 289	3 090 289
	Sum innskoten eigenkapital 4 090 289	4 090 289
6	Annan eigenkapital 8 147 806	6 440 990
	Sum opptent eigenkapital 8 147 806	6 440 990
	Sum eigenkapital 12 238 095	10 531 279
	Anna langsiktig gjeld	
7,8	Gjeld til kredittinstitusjonar 28 600 000	29 900 000
7,8	Øvrig langsiktig gjeld 6 000 000	6 000 000
	Sum langsiktig gjeld 34 600 000	35 900 000
	Anna kortsiktig gjeld	
	Leverandørgjeld 1 403 739	372 345
4	Betalbar skatt 549 457	43 313
	Skuldige off. avgifter 0	71 565
	Annan kortsiktig gjeld 150 006	117 276
	Sum kortsiktig gjeld 2 103 202	604 499
	Sum gjeld 36 703 202	36 504 499
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD 48 941 297	47 035 779

Kvinnherad/Bergen, 7. mai 2018
I styret for Valen Kraftverk AS


Ernst Johnny Stiansen
Styreleiar


Sigrid Helene Aardal
Styremedlem


Kjell Enes
Dagleg leiar


Guro Klyve
Styremedlem

VALEN KRAFTVERK AS

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	2017	2016
KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:		
Ordinært resultat før skattekostnad	2 257 618	123 294
Betalt skatt i perioden	-43 313	-14 771
Ordinære avskrivningar og nedskrivning	1 169 255	1 216 427
Endring i kundekrav	-531 780	98 166
Endring i leverandørgjeld	1 031 394	75 115
Endring andre tidsavgrensingsposter	27 752	-536 153
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	3 910 926	962 078
KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:		
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	-3 395 956	-481 797
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-3 395 956	-481 797
KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:		
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-1 300 000	-1 300 000
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	-1 300 000	-1 300 000
Netto endring i bankinnskot, kontantar og lignande	-785 030	-819 719
Beholdning av bankinnskot, kontantar og lignande pr. 01.01	3 130 210	3 949 929
Beholdning av bankinnskot, kontantar og liknande pr. 31.12	2 345 180	3 130 210

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2017 FOR VALEN KRAFTVERK AS

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små foretak. Selskapet har vidare følgd relevante føresegner i Norsk Regnskaps Standard utarbeidd av NRS.

Inntektsføring

Ved varesalg:

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt vera tilfelle når vara er levert til kunden. Inntekta vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Ved tenestesalg:

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent, altså når krav på vederlag oppstår. Dette skjer når tenesta vert ytt, i takt med at arbeidet vert utført. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling innan eit år etter siste dag i rekneskapsåret, samt postar som knyttar seg til varekretsløpet. Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste verdi av kostnad og verkeleg verdi (Lågaste verdis prinsipp). Kortsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikke oppskreve til verkeleg verdi som fylgje av renteendring.

Anleggsmidlar og langsiktig gjeld.

Anleggsmidlar omfattar eiendelar til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar vert vurdert til kjøpskostnad. Varige driftsmidlar føres opp i balansen og vert avskrive over forventa økonomisk levetid til driftsmidlet. Varige driftsmidlar vert nedskreve til verkeleg verdi når ein ventar at verdifallet ikkje er forbigåande. Nedskrivinga vert reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Krav

Kundekrav og andre krav er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning for venta tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte krava. I tillegg vert det for øvrige kundekrav avsett ein uspesifisert sum for å dekke pårekna tap.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar periodens betalbare skatt som blir utlikna og forfell til betaling i neste rekneskapsår i tillegg til endring i utsett skatt. Utsett skatt er utrekna med 23% av netto midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i 2017, samt øvrige skatteposisjonar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverserar eller kan reversere i samme periode er utlikna og nettoført.

Framleis drift

Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Note 1 Virksomhetsområder

	2017	2016
Energisalg	6 313 759	4 240 222
Finansoppgjør kraftsalg	20 169	21 388
Sum driftsinntekter	6 333 928	4 261 611
Kraftkjøp og nettleige	581 582	486 424
Avskrivning og nedskrivning	1 169 255	1 216 427
Andre driftskostnader	1 689 183	1 697 680
Sum driftskostnader	3 440 019	3 400 531
DRIFTSRESULTAT	2 893 909	861 079

Note 2 Lønnskostnad / honorar

Selskapet har ikkje hatt egne tilsette i rekneskapsåret.

	2017	2016
Honorarer		
Revisjon og revisjonsrelaterte tenester	37 700	28 900
Honorar til revisor for annan bistnad	17 900	12 800
Sum	55 600	41 700

Note 3 Annan driftskostnad

	2017	2016
Vedlikeholdskostnader	200 879	353 801
Administrasjonstenester	691 964	668 765
Honorarer	55 600	41 700
Forsikringer	107 182	105 283
Eigedomsskatt	287 153	280 140
Øvrige administrasjons- og driftskostnader	346 406	247 991
Sum	1 689 183	1 697 680

Note 4 Betalbar skatt

Årets skattekostnad kjem fram slik:	2017	2016
Betalbar skatt	549 457	43 313
Endring utsett skatt (fordel)	1 345	-4 105
Skattekostnad ordinært resultat	550 803	39 208

Avstemming frå nominell til faktisk skattesats:	2017	2016
Årsresultat før skatt	2 257 618	123 294
Permanente og andre forskjeller	75	-1 022
Endring i midlertidige forskjeller	31 710	50 981
Sum skattbar inntekt	2 289 403	173 253

Betalbar skatt	549 457	43 313
----------------	---------	--------

Effektiv skattesats	24 %	35 %
---------------------	------	------

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:

	2017	2016
Driftsmidler	-569 178	-455 850
Gevinst og tapskonto	-326 479	-408 098

Sum	-895 657	-863 948
-----	----------	----------

Netto utsett skattefordel i balansen	-206 001	-207 347
--------------------------------------	----------	----------

Ved årsslutt 2017 hadde selskapet ingen skattemessige framførbare underskot.

Selskapet vert ikkje ilikna grunnrente og naturressursskatt, då ytelsane i kraftstasjonen er lågare enn grensa som er sett for slik likning.

Note 5 Varige driftsmidler

	Kraft- stasjon	Anlegg under utføring	Sum
Kjøpskostnad 01.01.2017	55 447 092	472 483	55 919 575
Tilgang kjøpte driftsmidler	2 523 009	872 947	3 395 956
Ferdigstilt anlegg under utføring	412 434	-412 434	0
Avgang solgte driftsmidler		0	0
Kjøpskostnad 31.12.2017	58 382 535	932 996	59 315 531
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2017	12 783 227	0	12 783 227
Avskrivningar i år	1 169 255	0	1 169 255
Akkumulerte avskrivninger pr. 31.12.2017	13 952 482	0	13 952 482
Bokført verdi pr. 31.12.2017	44 430 054	932 996	45 363 052
Økonomisk levetid	10-67 år	Ingen avskr.	
Avskrivningsplan	Lineær		

Note 6 Eigenkapital

	Antall	Pålydande	Aksjekapital
Selskapet har kun ein aksjeklasse			
Aksjer eigd av Hordaland Fylkeskommune (totalt antall aksjer)	10 000	100	1 000 000
Spesifikasjon eigenkapital	Aksje- kapital	Overkurs	Annan EK
Eigenkapital 01.01.2017	1 000 000	3 090 289	6 440 990
Årets resultat			1 706 815
Eigenkapital 31.12.2017	1 000 000	3 090 289	8 147 806

Note 7 Annan langsiktig gjeld

	2017	2016
Ansvarleg lån Hordaland Fylkeskommune	6 000 000	6 000 000
Langsiktig lån Danske Bank	28 600 000	29 900 000
Sum langsiktig gjeld	34 600 000	35 900 000

Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for gjeld til Danske Bank:

	2017	2016
Kraftstasjon	45 363 052	43 136 351
Kundefordringer	986 469	454 689
Totalt	46 349 521	43 591 040

Note 8 Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt

Gjeld til Hordaland Fylkeskommune skal nedbetalast over 20 år frå og med 2008. Tilbakebetaling skal likevel kun gjennomførast dersom selskapet sitt siste avlagde årsrekneskap har ein eigenkapitalprosent som ikkje er lågare enn 30%.

Langsiktig gjeld til Danske Bank forfell i november 2019.

Note 9 Krav om utbedring dam

NVE har sett fram krav om utbetring av dammen i Valedalen, noko som venteleg vil medføra ein investeringskostnad på ca. MNOK 25. Den 13.06.2017 har fylkestinget godkjent eit utlån på MNOK 25 til Valen kraftverk AS til rehabilitering av Valedalsdammen etter pålegg frå NVE.

Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Valen Kraftverk AS

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Valen Kraftverk AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.

- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av vidare drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Bergen 5. juni 2018

BDO AS



Charlotte Bårdsen

Statsautorisert revisor